

Uttaleframlegg frå årsmøtet i Gaular Pensjonistlag.

Velferdsteknologi løyser ikkje dei menneskelege behova innan omsorg.

Vi hører mykje om korleis velferdsteknologi kan brukast innan omsorg. Det er klart at teknologi kan vere eit nyttig hjelphemiddel. Men dette kan ikkje komme i staden for den menneskelege kontakten som alle treng for å ha eit godt liv. Einsemd er som vi veit, eit stort problem hos mange eldre og funksjonshemma. Det er ei därleg løysing å hevde at velferdsteknologi kan erstatte helsepersonell innan eldre-og omsorgstenestene.

Tvert imot skal teknologiske hjelphemiddel setje hjelparane i stand til å bruke meir tid på personleg kontakt med dei som treng hjelp. Det er gammal kunnskap at menneske treng menneske rundt seg, for å ha det bra. Alt i Håvamål står det at "mann er manns gaman".

I framtida vil det vere viktig å stimulere til utdanning innan omsorgsyrka. Det er eit sikkert utdanningsval, som ikkje misser "marknaden" sin.